

Avtale om leige av jord.



1. Omfang av avtalen:

Ragnar Skjølingstad _____ (heretter kalt eigar) leiger til:

Rudolf Reinhold Huber _____ (heretter kalt leigar)

eit areal av Austevoll i Karmøy kommune: Gnr.148, brnr.76 og 971.

(jfr.vedlagt kopi av kart).

Det dreier seg om ca.4 da fulldyrka jord som skal brukast som tilleggsjord til eigedomen gnr. 148, brnr. 12 i Karmøy kommune.

Leigar har rett til å bruka opparbeidd veg frå Norheimvegen til drift av leigearalet. Tre på sørsida og austsida av eigedommen kan beskjeraast dersom dei gjer drifta vanskeleg.

Stuss markert på kartet for vatn/avløp til seinare utbygging må bli ståande.

2. Varighet av avtalen:

Eigedommen har sidan 1988 vore regulert til bustadføremål, men bygging har vore hindra av høgspentline som gjekk over eigedommen.

P.g.a.reguleringsføremålet må avtalen gjelda for berre eit år om gongen og kunna seiast opp av eigar (nåverande eller arvtakar) og leigar med 1 års varsel (Jfr.Jordlova § 2).

3. Tilstand og bruk:

Arealet skal brukast til jordbruksføremål og haldast i drift på fagleg forsvarleg måte. Når avtalen blir avslutta skal veg og gjerde vera i like god stand som ved start.

4. Leigeavgift:

Leigeavgifta er kr. 1000,- pr.år og forfall til betaling første gang 31.12.2024. Seinare årleg same dato. Leigeavgifta blir kvart år justert av leigar i samsvar med konsumprisindeksen.

5. Framleige:

Ikkje tillatt utan samtykke av eigar.

6. Eigarskifte:

Om eigar dør eller heimel på annan måte skiftar trer den nye eigaren inn i avtalen i samsvar med pkt.2.

7. Mislighald:

Vesentleg mislighald gir både eigar og leigar rett til å krevja opphør av avtalen. Som vesentleg mislighald reknast at avgifta ikkje er betalt 6 månader etter fristen eller at arealet blir brukt til anna føremål enn jordbruk eller framleige.

8. Tvist om avtalen:

Fører forhandling om minneleg løysing ikkje fram blir avtalen avgjort av voldgiftsnemnd og kostnaden delt mellom partane.

9. Distribusjon/søknad om dispensasjon:

Avtalen blir skrive i tre eksemplar der partane får kvar sin og Karmøy kommune den tredje for godkjenning og aksept på søknad om dispensasjon frå Jordlova sitt krav om 10 års varighet.

Norheim 28.november 2023

Dag Skjelvingsen

Turi Hulseth

Godkjent av Karmøy kommune:

Dato 7/5-23

Karmøy kommune
Areal og byggesaksavdeling
Luf Kari Solheim
Underskrift og stempel